



Leif Harald Olsvoll
Håtuftvegen 258
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3826 - 15/138

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

05.01.2015

Merknad til søknad om løyve til opparbeiding av veg til gbnr. 31/16 over gbnr. 31/4 og 7 i Meland kommune

Det vert vist til søknad m/ vedlegg motteke 22.9.2014 om løyve til opparbeiding av veg til gbnr. 31/16 over gbnr. 31/4 og 7 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1. Saman med søknaden om byggjeløyve er det òg søkt om løyve til etablering av ny avkøyrsløse frå kommunal veg, jf. Veglova (vegl.) §§ 40-43. Kommuneadministrasjonen seier seg lei for sein tilbakemelding grunna stor saksmengde.

Før administrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde dei opplysningar og den dokumentasjon som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4 («fullstendig søknad»). Administrasjonen har i den samanheng følgjande merknadar til føreliggjande søknad:

- Byggesaksavdelinga har i samband med nemnde søknadar motteke følgjande uttale frå den kommunale vegmyndigheita:

«Etablering av avkøyrsløse frå kommunal veg er regulert av «Forskrift om avkøyrsløse frå offentlig veg». Det følgjer av pkt. 3 at det på dei 2 fyrste meterne maksimalt skal vere eit fall på 1:20. I søknaden er det lagt opp til eit fall på 1:10.»

Administrasjonen legg på denne bakgrunn til grunn at korkje byggjetiltaket eller ny avkøyrsløse kan godkjennast slik vegen er prosjektert i søknaden, idet både desse løyva er avhengige av at tiltaket vert prosjektert og utført i samsvar med gjeldande tekniske krav til vegstigning mm. Det vert igjen vist til vegl. §§40-43 med tilhøyrande forskrifter.

- Situasjonsskartet som følgde med søknaden viser at avstanden frå fyllingsfoten til nabogrense vert på om lag 1m. Kommunen kan med heimel i pbl. § 29-4 andre ledd godkjenne at mindre tiltak vert plassert nærmare nabogrense enn lova si hovudregel på 4m, men det følgjer dertil av SAK10 § 4-1 bokstav c 6. ledd at avstand frå fyllingsfot til nabogrense uansett skal vere minst 2m, med mindre eigar av aktuell naboeigedom (gbnr. 31/16) har gitt skriftleg samtykke til ei nærmare plassering.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ei godkjenning av den omsøkte plasseringa er på denne bakgrunn avhengig av enten skriftleg samtykke frå nabo eller dispensasjon frå avstandskravet i pbl. § 29-4 jf. SAK10 § 4-1.

- Den omsøkte egedomen grensar til kommunal egedom (gbnr. 31/36) og tiltaket skal difor òg varslast til Meland kommune v/ ordføraren, jf. pbl. § 21-3.
- Mottatt søknad omfattar skjemaet «*Vedlegg til søknad om ansvarsrett der føretaket ikkje har sentral godkjenning*», men det er ikkje sendt inn eige søknad om presisering av m.a. aktuelle funksjonar, oppgåver og tiltaksklasser som det er meint å søke om godkjenning av ansvarsrettar for. Føreliggjande søknad må difor supplerast med vedlagte skjema («*Søknad om ansvarsrett*») i utfylt stand, jf. pbl. §§ 22-3 og 23-5.
- Føretak som skal godkjennast for å ta på seg oppgåver som ansvarleg søkjar (SØK), prosjekterande (PRO), utførande (UTF) og eventuelt kontrollerande (KTR) i tiltak som krev ansvarsrett, må dokumentere at føretaket oppfyller krava i SAK10 del 3 («Godkjenning og ansvar»), jf. . SAK10 § 9-1 første ledd flg.

Føreliggjande søknad inneheld ikkje tilstrekkeleg dokumentasjon til at kommunen kan vurdere om føretaket Leif Harald Olsvoll ENK stettar forskrifta sine krav til m.a. utdanning og praksis i høve til dei aktuelle funksjonane (SØK, PRO, UTF), eller noko tilvising til tidlegare sakar i kommunen kor føretaket eventuelt har vert godkjent for ansvarsrett for tilsvarande funksjoner og oppgåver. Søknaden må difor supplerast med relevante opplysningar og dokumentasjon om kvalifikasjonar og praksis. Det må òg sendas inn ein oppdatert gjennomføringsplan i samsvar med dette.

Dykkar søknad om byggjeløyve vert på denne bakgrunn vurdert som mangelfull og vert difor lagt i kommunen sitt ventearkiv, jf. pbl. § 21-2 og SAK10 kap. 5. Når søknaden eventuelt vert komplett vil saka bli tatt opp til endeleg handsaming. Kommunen held seg likevel rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom administrasjonen finn dette naudsynt ved ein nærmare gjennomgang av søknaden.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5181n-soknad_om_ansvarsrett

Kopi til:

Britt og Asbjørn Borge

Stølsvegen 3

5260

INDRE ARNA